



**Samnanger kommune**

# **Innkjøpsreglement**

**Vedteke av kommunestyret 08.11.2018. Gjeld frå og med 09.11.2018**

**TITTEL:** Innkjøpsreglement for Samnanger kommune

**SKRIVE AV:** Jan Erik Boge

**OPPDRAKSGJEVAR:** Samnanger kommunestyre 13.09.2018, sak 033/2018

**ARBEIDET SLUTTFØRT:** 18.10.2018

**DATO FOR GODKJENNING:** Vedteke av kommunestyret 08.11.2018, sak 047/2018

**OPPDRAKSGJEVAR/KVALITETSKONTROLL:** Jan Erik Boge

**TEMA:** Innkjøp

**ARKIVREFERANSE:** Arkivsak 18/619, journalpost-ID 18/9562

**DOUMENTET VART SIST AJOURFØRT:** 06.12.2018

**SIGNATUR:**

Tysse, 06.12.2018

Jan Erik Boge  
Rådgevar

## Innhold

1	Innleiing .....	4
2	Føremål med innkjøpsreglementet.....	4
3	Heimelsgrunnlag.....	4
4	Ansvar og vedtaksmynde for reglementet .....	4
5	Revisjon/ajourhald av reglementet .....	4
6	Definisjonar .....	5
7	Viktige prinsipp for innkjøp i Samnanger kommune .....	5
8	Innkjøpsfullmakter.....	6
9	Innkjøpsfullmakter som kommunestyret ikkje har delegert til rådmannen: .....	6
10	Terskelverdiar .....	7
11	Innkjøp med verdi under 100.000 kroner .....	7
12	Innkjøp med verdi som er lik eller overstig 100.000 kroner.....	7
13	Rammeavtalar .....	7
14	Innhold i kontrakter .....	8

## 1 Innleiing

Samnanger kommune gjennomfører kvart år innkjøp for mange millionar kroner. Lov og forskrift om offentlige anskaffelser gir mange føringar/reglar for korleis innkjøp skal gjennomførast og dokumenterast.

I prinsippet skal alle innkjøp som kommunen gjer vera basert på konkurranse, forretningsmessigheit og etterprøvbarheit. Reglane for innkjøp vil variera avhengig av kva som skal kjøpast og verdien av kjøpet.

Dette innkjøpsreglementet erstattar tidlegare innkjøpsreglement for Samnanger kommune, og gjeld frå og med 09.11.2018.

## 2 Føremål med innkjøpsreglementet

Hovudføremål med innkjøpsreglementet:

- Sikra at innkjøp i Samnanger kommune vert gjort i samsvar med gjeldande lover, forskrifter, retningsliner/standardar og avtalar.
- Sikra at Samnanger kommune i innkjøpssamanheng opptrer i samsvar med grunnleggjande prinsipp om konkurranse, likebehandling, forutberegnelegheit, etterprøvbarheit og forholdsmessighet.
- Medverka til ei effektiv og god økonomiforvaltning i kommunen.
- Hindra moglegheit for og mistanke om økonomiske misligheiter.

## 3 Heimelsgrunnlag

- EØS-avtalen
- Lov og forskrift om offentlige anskaffelser
- Kommunelova
- Delegeringsreglement for Samnanger kommune
- Økonomireglement for Samnanger kommune
- Etske prinsipp for Samnanger kommune

## 4 Ansvar og vedtaksmynde for reglementet

Reglementet vert vedteke av kommunestyret.

Rådmannen har ansvar for at alle medarbeidarar i kommunen som tek del i innkjøp vert gjort kjende med og pålagt å følgja reglementet, og for at kommunen har rutinar/system som sikrar at reglementet vert følgt.

## 5 Revisjon/ajourhald av reglementet

Reglementet skal ved behov reviderast av kommunestyret.

Rådmannen har fullmakt til å gjera redaksjonelle endringar/oppdateringar i reglementet.

## 6 Definisjonar

**Innkjøp:** Eit kjøp eller ei forplikting om kjøp av varer, tenester eller bygge- og anleggsarbeid.

**Rammeavtale:** Ein avtale som ein eller fleire oppdragsgjevarar inngår med ein eller fleire leverandørar, og som har til føremål å fastsetja kontraktsvilkåra for dei kontraktane som oppdragsgjevaren skal inngå i løpet av ein bestemt periode, særleg om pris og mengd.

**Finansiell leasing:** Leasing der leasingtakar (kommunen) tek den finansielle risikoen for leasingobjektet, til dømes ved at leasingtakar har restverdiansvaret etter avslutta leasingperiode. Ein finansiell leasingavtale må aktiviserast i kommunen sin balanse og må derfor godkjennast av kommunestyret.

**Operasjonell leasing:** Leasing der utleigar tek den økonomiske risikoen for leasingobjektet. Ved operasjonell leasing har utleigar restverdigarantiansvaret etter avslutta leasingperiode. Som hovudregel kan ein operasjonell leasingavtale ikkje ha lenger varigheit enn 75% av den forventa levetida til leasingobjektet. Rådmannen har fullmakt til å godkjenna/inngå operasjonelle leasingavtalar.

**Terskelverdi:** Beløpsgrenser som regulerer hva del av anskaffelsesregelverket som gjeld for eit innkjøp. Eksempel på terskelverdiar:

- a) Terskelverdi i § 1-1 i forskrift om offentlige anskaffelser. Pr. 2018 er denne terskelverdien 100.000 kroner ekskl. mva. Dette betyr at forskrifta gjeld for innkjøp med verdi over 100.000 kroner.
- b) Terskelverdi for kva innkjøp som skal gjennomførast etter Del II i forskrift om offentlige anskaffelser. Pr. 2018 er denne terskelverdien 1,3 millionar kroner ekskl. mva.
- c) EØS-terskelverdiar. Sjå § 5-3 i forskrift om offentlige anskaffelser.

## 7 Viktige prinsipp for innkjøp i Samnanger kommune

Innkjøp i Samnanger kommune skal gjerast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer/standardar og avtalar.

For å sikra effektive innkjøp, er det likevel viktig at det ikkje vert etablert/brukt meir omfattande prosedyrer enn nødvendig/kostnadmessig forsvarleg i samband med ulike typar av innkjøp.

**Samnanger kommune sine innkjøp skal baserast på:**

- Kommunen sine etiske prinsipp.
- God planlegging.
- God dokumentasjon/moglegheit for etterprøving.
- Utvelging av leverandør gjennom objektive og ikkje-diskriminerande kriteriar.
- Gildskap. Her gjelder forvaltningslova sine reglar om habilitet.
- Lojalitet til inngåtte innkjøps-/rammeavtalar.

**Før innkjøp av varer tenester skal innkjøpar alltid forvissa seg om/sjekka:**

- At innkjøpet er nødvendig og i kommunen si interesse.
- At det er budsjettmessig dekning for innkjøpet.
- Om kommunen har inngått/er med på rammeavtale for den aktuelle typen varer eller tenester.

### **Elektroniske verktøy:**

- Samnanger kommune har som målsetting å ha tidsmessige og effektive system for gjennomføring av innkjøpskonkurransar, innkjøp/bestilling og fakturabehandling.
- Fakturabehandling bør så langt som mogleg skje elektronisk.

### **Opplæring:**

- Alle tilsette som skal gjera innkjøp for Samnanger kommune, skal få tilstrekkeleg opplæring og informasjon om gjeldande reglar og rutinar/prosedyrar.

## **8 Innkjøpsfullmakter**

Kommunestyret har delegert til rådmannen innkjøpsfullmakt innanfor vedteke budsjett, jf. Delegeringsreglementet pkt. 19.2.3 bokstav k. Dette innber følgjande:

- Rådmannen har mynde til å gjera innkjøp innanfor vedteke budsjett (både drifts- og investeringsbudsjettet). Dette gjeld alle typar varer og tenester, men med dei unntak som går fram av punkt 9 i dette reglementet.
- Rådmannen har mynde til å gjennomføra innkjøpskonkurransar og inngå innkjøpsavtalar/rammeavtalar/kontrakter om bygge- og anleggsarbeid innanfor vedteke budsjett (både drifts- og investeringsbudsjettet).
- Rådmannen har mynde til å ta avgjerd om Samnanger skal slutta seg til rammeavtalar som Bergen kommune eller andre tilbyr gjennom innkjøpsamarbeid.

Rådmannen har høve til å vidaredelegera fullmaktene sine i innkjøpssaker. Dette skal gjerast skriftleg. Det vil uansett vera rådmannen som har det overordna administrative ansvaret for alle kommunale innkjøp.

Einingsleiarar som får delegert mynde frå rådmannen i innkjøpssaker, har høve til å vidaredelegera innkjøpsfullmakter i eininga si. Dette skal gjerast skriftleg. Einingsleiar vil likevel ha det overordna ansvaret for alle innkjøp i eininga si.

Innkjøp av varer og tenester skal berre utførast av dei som har fått delegert fullmakt til dette. I tvilstilfelle skal dette takast opp med rådmannen.

## **9 Innkjøpsfullmakter som kommunestyret ikkje har delegert til rådmannen:**

- Fullmakt til å setja i gang vedtekne investeringsprosjekt med kostnadsramme på over 5 millionar kroner, jf. punkt 5.1 i økonomireglementet.
- Saker om å kjøpa fast eigedom, jf. Delegeringsreglementet pkt. 4.2 bokstav p og pkt. 6.2 bokstav j.
- Saker om avtalar om leveransar som anten bind kommunen for meir enn 5 år, eller har mykje å seia for kommunen sin økonomi, jf. Delegeringsreglementet pkt. 4.2 bokstav r.
- Inngå leigekontrakter i fast eigedom med meir enn 5 års lengd og ei utgift på over 2 millionar kroner, jf. Delegeringsreglementet pkt. 4.2 bokstav s.
- Leasingavtalar som er såkalla "finansiell leasing". Ein finansiell leasingavtale må aktiverast i kommunen sin balanse og må derfor godkjennast av kommunestyret.
- Eventuelle andre saker der lov krev det eller saka sin art gjer det naturleg at politisk nivå tek avgjerd, sjå kapittel 1 og punkt 19.1 i Delegeringsreglementet.

## 10 Terskelverdiar

Samnanger kommune skal forhalda seg til dei til ei kvar tid gjeldande terskelverdiane som gjeld for innkjøp som er underlagt forskrift om offentlige anskaffelser, og følgja reglane/prosedyrane som gjeld for dei ulike terskelverdiane. Oversikt over terskelverdiar går fram av forskrift om offentlige anskaffelser.

## 11 Innkjøp med verdi under 100.000 kroner

Forskrift om offentlige anskaffelser gjeld ikkje for innkjøp med verdi på under 100.000 kroner ekskl. mva. Likevel skal kommunen også ved innkjøp med verdi på under 100.000 kroner følgja anskaffelseslova sitt føremål/prinsipp om konkurranse, etterprøvbarheit og forholdsmessighet.

### Dokumentasjonskrav

Ved kjøp av varer/tenester med verdi mellom 15.000 og 100.000 kroner ekskl. mva (gjeld varer/tenester der det ikkje er inngått rammeavtale), skal det som hovudregel dokumenterast skriftleg kva som er gjort for å oppfylle kravet om at innkjøp skal vera basert på konkurranse. Rådmannen har ansvar for at kommunen har rutinar/system som ivaretek dette dokumentasjonskravet.

## 12 Innkjøp med verdi som er lik eller overstig 100.000 kroner

Alle innkjøp med verdi som er lik eller overstig terskelverdien i § 1-1 i forskrift om offentlige anskaffelser (pr. 2018 er denne terskelverdien 100.000 kroner ekskl. mva), skal gjennomførast og dokumenterast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande krav i lovverket og gjeldande rettspraksis. Rådmannen har ansvar for at kommunen har rutinar som sikrar dette.

## 13 Rammeavtalar

Det skal så langt som mogleg inngåast rammeavtalar for alle vare- og tenestetypar som kommunen jamleg kjøper - og der det er sannsynleg at kommunen (d.v.s. alle einingane i kommunen til saman) over ein periode på 1 år kjem til å kjøpa varer/tenester for meir enn 100.000 kroner ekskl. mva. Sjå forskrift om offentlege anskaffelser for detaljerte reglar om berekning av «anskaffelsens anslåtte verdi».

Rådmannen har ansvar for:

- At kommunen til ei kvar tid har rammeavtalar med leverandørar innanfor dei områda der dette er påkravd/føremålstenleg.
- At det vert ført oversikt over kva rammeavtalar kommunen til ei kvar tid er med på. Oversikta skal vera tilgjengeleg for tilsette som har behov for den i arbeidet sitt.
- At det vert ført kontroll med at kommunen er lojal mot inngåtte rammeavtalar.
- At reglane i lovverket vert følgt når kommunen gjennomfører konkurransar om inngåing av rammeavtalar.
- At reglane i lovverket vert følgt når kommunen gjer avrop på rammeavtalar.

## **14 Innhald i kontrakter**

Innkjøpskontrakter inngått av Samnanger kommune skal så langt som mogleg baserast på gjeldande standardar for kontrakter innanfor aktuell bransje. Slike kontraktsstandardar kan mellom anna hentast på [www.difi.no](http://www.difi.no).